

Haustetilrådingar per 8. sept 2011 (etter prøveuttaking 6.sept)

Landbruksrådgjevinga har teke ut prøvar og analysert for dei middels tidlege sortane ulike stader på Nordsida av Sognefjorden.

I år kjem me til å ta ut færre prøvar, og meir konsentrert i Sognefrukt sitt område, og så lyt kvar og ein meir relatera eigen hage til kvar på skalaen ein ligg i høve til dette og kontrollera eiga frukt litt sjølv. Dette av praktiske grunnar og for at arbeidsmengda for oss skal vera overkomeleg. Ettersom pæreprosjektet ikkje er i drift lenger, vil det ikkje bli teke ut så mange prøvar i pære og på så mange ulike stader som tidlegare.

Me har freista å plukka ut 1-3 hagar per sort ut i frå erfaring med kva som er tidleg, middels og seine områder.

Prøvar vil framover bli samla inn på tysdagar og analysert ferdig på onsdag, dermed vonar me å koma ut med tilrådingar 1-2 dagar tidlegare enn i høve til i fjor. Det vil også bli arrangert ein fagdag på Sognefrukt der ein får litt opplæring i måling av eiga frukt og kan kjøpa naudsynt utstyr. Om nokon ynskjer gardsbesøk med hjelp til måling/opplæring så ta kontakt med oss i Landbruksrådgjevinga.

Tips! Liste over tilrådde refraktometerverdiar og fastleik for dei ulike sortar er lagt ut på Sognefrukt sine heimesider. Her ligg også bruksanvisning for korleis ein går fram ved målingane. Ferdig utblanda jod kan medlemmar i NLR få gratis ved henvending til Landbruksrådgjevinga på Njøs. Landbruksrådgjevinga sel også hefter med bilete av rettleiande stive- og streifverdiar til kr 100. Hugs at refraktometerverdi ikkje må brukast som einaste haustekriterium, då det fortel om kvaliteten og ikkje så mykje om utviklinga. Den må sjåast i samanheng med fastleik og stive-innhald.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet.

Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon er også om frukta smakar godt!

Discovery

Det er teke ut prøvar på Leikanger (Valeberg), Nornes og Sogndal (Kvam). (Tidlegare er også sett på frukt i frå Hamre på Leikanger). Frukta har byrja få fin raudfarge og også grunnfargen er byrja å koma på plass. Frukten er enno faste, og har enno ein del å gå på når det gjeld stive, men sukkeret er på plass noko som indikerer god kvalitet. Streifindeksen indikerer at ein kan byrja å plukka utor i toppane både på Leikanger og på Nornes. I Sogndal er det litt enno for tidleg.

NB! Ver oppmerksom på små, usmakelege, grøn-grå farga epler som kan vera teikn på Heksekost. Dette er ein sjukdom som det er meldeplikt for, så merk trea med plastband e.l. og ta kontakt med Mattilsynet eller oss i Landbruksrådgjevinga. Pålagt uttak av tre gjev rett til erstatning.

Raud Prins/Kronprins

Me har teke prøvar i ein hage på Hermansverk. Frukta ser fin ut, men verdiane indikerer at det enno er litt for tidleg med hausting. Fruktenene er enno litt for faste og har att mykje stive, medan sukkerinnhaldet byrjar å koma på plass. Streif indeksen indikerer at frukta må henga litt til. På tidlege stader kan frukta vera komen lenger, så sjekk med jodtest og refraktometer sjølv.

Clara Frijs

Det er teke prøvar på Slinde og på Nornes. Fruktenene er faste nok, men stiveinnhaldet er på veg ned og streifindeksen indikerer at ein kan byrja hausta på Kvede A. Sukkerinnhaldet er høgt og tyder på god kvalitet. Kvede A grunnstammer er tidlegare enn frøstammer, så på sistnemde og på Brokmal må ein venta med å hausta minst ei veke. På sistnemde stammer bør produsenten også måla frukta si først.

Summerred

Sjølv om det er litt for tidleg for denne sorten, så tok me ut ein prøve på Slinde. Fruktenene her er enno litt for faste med for mykje stive att, medan sukkerinnhaldet er byrja å koma på plass. Streifindeksen indikerer at ein må venta med hausting.

Seinare sortar er ikkje aktuelle for hausting enno.

I seinare uttak av prøvar vil det også verta teke prøvar av Raud Gravenstein/(Gravenstein), Moltke, Philip og Raud Aroma/(Aroma). Me tek kontakt med aktuelle dyrkarar.

Det vil bli teke ut prøvar att på tysdag 13.

Mvh

Norsk Landbruksgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Olav Sørum; 97145058